



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Karmøy kommune 30.05.2013

Kontrolleiar: Else Fredheim Hodne

Innhold

1. Samandrag.....	3
2. Innleiing	4
3. Bakgrunn for kontrollen.....	4
4. Heimel for kontrollen.....	4
5. Opplysningar om gjennomført kontroll	5
5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	5
5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang	5
5.3. Tema for forvaltningskontrollen.....	5
6. Funn	6
6.1. Definisjonar	6
6.2. Tema nr. 1: Sakshandsamingsrutinar.....	7
6.3. Tema 2: Krav til omsetning	9
6.4. Tema 3: Utegangarsau	7
6.5. Tema 4: Risikovurderingar	8
6.6. Tema 5:Driftsfelleskap.....	10
6.7. Tema 6: Reaksjonar ved avvik	11
6.8. Tema 7: Skog – planting etter hogst.....	12
6.9. Generelt	13
7. Oppfølging etter kontrollen	
8. Vedlegg	14
8.1. Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon	14

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Karmøy kommune 30.05.2013. Hovudtema for kontrollen var kommunen si handsaming av produksjonstilskotsordninga.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknadar:

Avvik:

- **Avvik 1.** Kommunen følgjer i liten grad opp ansvaret med foryngingsplikta på skogområdet – for å sikre ei tilfredstillande forynging etter hogst gjennom planting og ungsogpleie.

Merknadar:

- **Merknad 1.** Manglande sjekklister og rutinebeskriving rundt kommunen si handsaming av PT-søknadar.
- **Merknad 2.** Uttale frå kommunen i samband med søknad om dispensasjon frå omsetningskravet er ofte mangelfull, i tillegg har ikkje kommunen rutinar for å spør etter bilag for å sjekke kva inntekt som er avgiftspliktige varer og tenester.
- **Merknad 3.** Manglande rutinar for å kontrollere dei som kryssar av for at dei har omsetning på kr 20.000 men som ikkje er MVA-registrert.
- **Merknad 4.** Skriftleg vurdering frå kommunen i samband med klagesaker på tilskot til utegangarsau er mangelfull.
- **Merknad 5.** Mangelfull dokumentering av bakgrunn for det enkelte risikobaserte utplukk og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.
- **Merknad 6.** Kommunen har ikkje skriftlege vurderingar av driftsfellesskap i tilfelle der det er sett nærare på drifta, eller eit system for å arkivera slike vurderingar.
- **Merknad 7.** Kommunen kan auke fokus på kontroll av driftsfellesskap, som til dømes ein grundigare gjennomgang av dokumentasjon og driftsopplegg.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare beskriving av avvik og merknadar gjennomgått.

2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll datert 05.04.2013 og påfølgjande gjennomføring av kontroll 30.05.2013. Vidare viser vi til foreløpig rapport, som blei gjennomgått på sjølve kontrollen. Denne sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen og eventuelle andre funn som ikkje blei nemnt i den foreløpige rapporten. I tillegg kjem utfyllande opplysningar kring sjølve kontrollen.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innafor landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll i Karmøy kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Karmøy var kommunen sin forvaltning av produksjonstilskot i jordbruket (PT). I tillegg var kommunen sin forvaltning på skogområdet tema på kontrollen.

Føremålet med kontrollen var å kontrollere kommunen sin etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15. FM ynskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontroll er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15;

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14. Tilskuddsforvaltere skal ivareta kontroll med at tilskuddsmottakere oppfyller de vilkår som er stilt for tilskuddet. Finansdepartementet kan fastsette bestemmelser for kontroll av utøvelse av forvaltningsmyndighet som er delegert til enheter utenom statsforvaltningen.”

Ordningane som blei gjennomgått er omfatta av følgjande regelverk:

- Lov 10.02.1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).
- Lov 27.05.2005 nr. 31 om skogbruk (skoglova)
- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket (PT-forskrifta)
- Forskrift 07.06.2006 nr. 593 om berekraftig skogbruk

I tillegg kjem teknisk jordbruksavtale 2012/2013 og aktuelle rundskriv frå SLF (m.a. rundskriv 22/12 og 23/12).

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 30.05.2013	Journalnummer: 2013/3129
Dato for førre kontroll: 01.12.2010	Journalnummer: 2010/10095

Kontrollert verksemd

Kommune: Karmøy kommune	E-post: post@karmoy.kommune.no
Besøksadresse: Rådhuset, 4250 Finnøy	Telefon: 52857500

Tilstades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Leif Kåre Solheim	konsulent	x	x	x
Britt Johnsen Pedersen	Rådgjevar landbruk	x	x	x
Anders L. Eie	Skogbruksansvarlig	x	x	x
Kjell B. Gilje	Forvaltningssjef	x	x	x

Tilstades frå FM

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Hadle Nevøy	Landbruksdirektør	x	x	x
Linn Borsheim	Rådgjevar	x	x	x
Else F. Hodne	Rådgjevar	x	x	x

5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der FM, v. landbruksdirektør Hadle Nevøy, informerte om bakgrunnen for kontrollen. Deretter blei det gjennomført intervju for det enkelte tema. Else Fredheim Hodne leia sjølve kontrollen, medan Linn Borsheim deltok som medkontrollør og skivar. For dei fleste tema blei intervju supplerte med spørsmål knytt til datafangst og søknader frå føretak. På grunnlag av intervju utarbeida FM ein foreløpig rapport som blei gjennomgått på eit felles sluttmøte.

5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

Nr.	Tema	Ynskjer svar på
1	Sakshandsamingsrutinar	Kommunens rutinar for handsaming av søknadar fram til godkjenning. Kva blir kontrollert og korleis blir søknadane gjennomgått fram mot godkjenning?
2	Krav til omsetning	Kva rutinar kommunen har ved vurdering av søknad om dispensasjon frå omsetningskravet. Kva rutinar kommunen har ved dokumentkontroll og oppfølging av dei som ikkje er mva-registrert.
3	Tilskot til husdyr-utegangarsau	Kva rutinar kommunen har ved handsaming av søknadar om tilskot til utegangarsau/vanleg sau. Kva vurderingar kommunen gjer med handsaming av desse søknadane. Kva blir undersøkt ved kontroll.
4	Risikovurderingar ved føretakskontroll	Kva rutinar har kommunen rundt utplukk av føretak til stikkprøvekontroll? Blir det gjort eit uttrekk basert på risiko, og i så fall; korleis?
5	Driftsfellesskap	I kva omfang og i kva for nokre tilfelle kontrollerer kommunen om det er driftsfellesskap mellom føretak? Korleis blir denne kontrollen i så fall gjennomført og loggført?
6	Reaksjonar ved avvik	Korleis handsamar kommunen søknader om produksjonstilskot der det blir oppdaga feil i søknaden som ville ført til for høg utbetaling, eller der kommunen kjenner til at søkjar har brote regelverk om jordbruksverksemd? Kva vurderingar blir gjort i slike tilfelle, og blir det avkorta i tilskotet?
7	Skog – planting etter hogst	Korleis forvaltar kommunen dei oppgåvene dei har ansvar for på skogområdet?

I vedlegg 1 er det sett opp ein oversikt over kva som blei gjennomgått av datafangst under det enkelte tema.

6. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknadar som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2. Tema nr. 1: Sakshandsamingsrutinar

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader.

Vurdering:

Kommunen ga inntrykk av å ha ein god og systematisk gjennomgang av søknadane, og å yte god service ovanfor søkjarane. Kommunen har god lokalkunnskap, noko som fører til at det lettare blir oppdaga feil i søknadane.

Kommunen har ikkje rutinebeskriving som forklarar korleis ein søknad skal handsamast frå den kjem inn og til den blir godkjend/avslått. Dette gjer at kommunen er meir sårbar for frávær og nyttilsetjing. Gode rutinebeskrivingar sikrar at søknadar blir handsama best mogleg uavhengig av kven som gjer jobben og er av den grunn eit viktig arbeidsverktøy.

Kommunen har ikkje utarbeida sjekklister for kva som skal gjerast med ein søknad og kontrollerast i denne før den blir godkjend/avvist. Ei sjekklister sikrar at kommunen får kontrollert relevante punkter i søknaden på rett måte, slik at ingen viktige punkt blir gløymt. Utarbeiding av sjekklister bidreg også til bevisstgjerjing av kva som er viktig å kontrollere ved søknadshandsaming, og det gjer kommunen mindre sårbar ved frávær og nyttilsetjing. Dette vil også være eit godt arbeidsverktøy for kommunen.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 1. Manglande sjekklister og rutinebeskriving rundt kommunen si handsaming av PT-søknadar.*

6.3. Tema 2: Krav til omsetning

Om regelverket:

Det kan utbetalast produksjonstilskot til føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon, dersom verksemda er registrert i Enhetsregisteret og er registrert som meirverdiavgiftspliktig eller har hatt ei samla omsetning og uttak av avgiftspliktige varer og tenester på til saman minimum kr 20 000 i løpet av dei siste 12 månader før registreringsdato. Dette er eit grunnvilkår i forskrift om produksjonstilskot § 3. Dersom eit føretak ikkje stettar dette kravet er det mogleg å søkje om dispensasjon. Fylkesmannen kan i særlege høve dispensere frå dette kravet. Det kan gjevast dispensasjon for inntil to, eller i særlege høve 3 søknadsomgangar. Det skal kryssast av på søknadsskjema om ein har hatt omsetning på kr 20.000 eller ikkje.

Vurdering:

Ved oppstart av nye føretak, sjekkar kommunen ut når føretaket reknar med å oppnå omsetningskravet og kor mange dyr dei har. Kommunen får dokumentert kva som ligg i drifta og kva som er planlagt drift. Kommunen tar ikkje imot søknad om produksjonstilskot, dersom føretaket seier at produksjonen er veldig låg. Når kommunen er i tvil om føretaket vil oppnå kravet til omsetning, ser dei på forventa økonomi, dyretal og salsverdi. Kommunen har også kontakt med rekneskapskontoret i slike sakar. Kommunen ber ikkje om dokumentasjon på næringsinntekt, dersom dei meiner dyretalet er høgt nok for å oppnå nok omsetning. Denne forklaringa tyder på at kommunen gjer gode vurderingar i høve til omsetningskravet og om føretaka innfrir kravet til dispensasjon.

Karmøy kommune har nokre føretak som ligg i grenseland på kr 20 000 i omsetning. Desse blir plukka ut i kontroll av og til, og kommentarar og notat blir skrevet ned på kontrollskjema. Dette er gode rutinar frå kommunen sin side.

Kommunen får næringsoppgåve frå rekneskapslaget, og forklaring på kva inntektene kjem frå, men ber ikkje om bilag. I slike tilfelle meiner Fylkesmannen at kommunen bør spør etter bilag. Mellom anna fordi ikkje alle inntekter reknast som avgiftspliktige varer og tenester.

Fleire føretak i kommunen har omsetning på kr 20.000 men er ikkje MVA-registrert. Kommunen har ikkje rutinar for å sjekke desse. Dette er føretak som ligg i grenseland for omsetningskravet og det bør difor sjekkas om dei stettar vilkåra, for å unngå feilutbetalingar. Kommunen bør her følgje med på kva produksjon dei har og endringar i dyretalet. Her kan kommunen foreta risikobasert kontroll. Når det gjeld dei som har fått dispensasjon, blir nokre plukka ut for kontroll når dispensasjonstida er ute, men kommunen sjekkar ikkje alle.

Det er Fylkesmannen som handsamar søknader om dispensasjon. Vi ser at desse vurderingane som kommunen forklarar at dei gjer, ikkje kjem fram i uttalen som blir sendt saman med dispensasjonssøknaden til Fylkesmannen. Dette gjer at Fylkesmannen må etterspør meir dokumentasjon, eller ny uttale, for å kunne avgjere saker, som igjen fører til lengre sakshandsamingstid.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 2. Uttale frå kommunen i samband med søknad om dispensasjon frå omsetningskravet er ofte mangelfull, i tillegg har ikkje kommunen rutinar for å spør etter bilag for å sjekke kva inntekt som er avgiftspliktige varer og tenester.
- Merknad 3. Manglande rutinar for å kontrollere dei som kryssar av for at dei har omsetning på kr 20.000, men som ikkje er MVA-registrert.

6.4. Tema 3: Tilskot til husdyr - utegangarsau

Om regelverket:

I forskrift om produksjonstilskot § 7 står det at det kan gis tilskot til føretak med husdyrhald. Det kan gjevast særlege tilskot til føretak som disponere husdyr som beiter. Det er skilje i tilskot mellom sau og utegangarsau, der satsen til sau er høgare. Definisjonen på sau og utegangarsau er, jf. teknisk jordbruksavtale 201-2013 7.4, slik: "Sau: sau over 1 år per 1.januar, som utenom vanlig beitesesong har tilgang på driftsbygning og hvor hovuddelen av

det daglige grovfôrøpptaket i denne perioden er frå tilført høy eller surfôr. Dyrerommene for saueholdet må minst være i samsvar med § 17 i forskrift 18 februar 2005 nr.160 om velferd for småfe. Utegangarsau: Sau som i hovudsak beiter hele året og som ikkje passer inn under beskrivelsen av sau over 1 år”

Vurdering:

Det er mange som har villsau på Karmøy og det er ofte tvil om dette er utegangarsau eller vanleg sau. Mange fører vanleg sau på utegangarsau fordi dei har villsaurase. Kommune gjorde greie for kva vurderingar dei la til grunn når dei vurderer dette. Fylkesmannen har inntrykk av at kommunen følgjer definisjonane i regelverket når dei behandlar desse søknadane. Når det kjem nye søkjarar som søker tilskot til utegangarsau, tar kommunen kontakt med føretaket pr.telefon og spør korleis dei driv, og forklarar kva driftsform som skal først kor. Dersom kommunen er i tvil om driftsform, drar dei ut på kontroll. Ved kontroll ser kommunen etter om dyra har tilgang til hus, om dei blir fôra og kor tamme dei er. Kommunen bruker ikkje slaktedata i ved kontroll om kva type driftsform føretaket har. Dette kan vere eit godt hjelpemiddel i vurderinga.

Inntrykket er at kommunen gjer rette vurderingar når føretak søker om tilskot til utegangarsau/vanleg sau. Likevel kjem ikkje dette fram i til dømes klagesaker som kjem til Fylkesmannen. Det står ingenting i oversendinga til oss om kva som er vurdert, og dokumentasjon som er sjekka er ofte ikkje lagt ved. Dette gjer at vi ikkje har dei opplysningane vi treng for å avgjere ei sak. Vi må etterspør fleire opplysningar og sakshandsamingstida blir lang.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 4. Skriftleg vurdering frå kommunen i samband med klagesaker på tilskot til utegangarsau er mangelfull.

6.5. Tema 4: Risikovurderingar ved føretakskontroll

Om regelverket:

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 23/12 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få urettmessig utbetalt tilskot, og moglege konsekvensar av slik urettmessig utbetaling. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stikkprøvekontrollen. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Vurdering:

Kommunen viser til at stikkprøvekontrollar for august 2012 og januar 2013 er basert på risiko, samt ein del som ikkje har blitt kontrollert på mange år. Når det gjeld føretak som har blitt plukka ut for kontroll blei det nemnt tema som gjeld gjødsellager og forureining og dyretragedie. Det er positivt at kommunen merkar seg aktuelle føretak for kontroll gjennom året, og trekk ut desse ved stikkprøvekontrollen. Ut i frå SLF sine føringar for korleis eit risikobasert uttrekk skal skje, er det likevel nødvendig med forbetring på dette punktet. Det at stikkprøvekontroll skal baserast på risikovurderingar, sett krav til at kommunen ser på kva ordning som gir risiko for feilutbetalingar, og korleis dette kan kontrollerast. Som det kom fram i intervjuet, er kommunen bevisst på fleire risikoområde som kan vere aktuelle for eit risikobasert utplukk.

Kommunen har ikkje dokumentert kva vurderingar som er gjort i forkant av 5% kontrollen. For å gjere kommunen mindre sårbar ved endring av sakshandsamarar, og for å sikra gode rutinar for utplukk, er det til god hjelp at desse opplysningane lett kan leitast opp i arkivsystemet til kommunen. I eit slikt dokument bør det kome fram kva som er bakgrunnen for det enkelte utplukket, og kva prioriteringar og vurderingar som er gjort ved kvar søknadsomgang.

Kommunen har ikkje skriftleg rutinebeskriving som viser korleis arbeidet med risikobasert utplukk skal gjerast. Som for søknadshandsaming, er det også her viktig med gode rutinebeskrivingar.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 5. Mangelfull dokumentering av bakgrunn for det enkelte risikobaserte utplukk og manglande rutinebeskriving av korleis slikt uttrekk skal gjerast.*

6.6. Tema 5: Driftsfellesskap

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å kontrollere at det ikkje er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfeller der fleire føretak på same landbrukseigedom søkjer produksjonstilskot. Risikoen for stor feilutbetaling er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søkjer om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

Vurdering:

Kommunen kunne fortelje at dei som oftast er i kontakt med søkjar før det blir oppretta føretak nr. 2 på same eigedom, og får dermed rettleia mange om regelverket kring driftsfellesskap i forkant av oppstart. Dette er positivt for å hindre at regelverksbrot oppstår og sjåast på som eit viktig og bra arbeid frå kommunen si side. At dette er eit viktig arbeid, sjåast

mellom anna ved at fleire føretak etter samtale med kommunen har levert ein samla søknad i staden for to.

I kommunen er det tilfelle med sau og ku i ulike bygningar. Kommunen har vurdert dette som lovleg jamfør regelverket. Andre risikokategoriar, som ektefelle og nære familieband, er det lite eller ingenting av. Kommunen gir inntrykk av å ha god kjennskap til dei risikoføretaka som er i kommunen, og kva produksjon desse driv.

Kommunen har ikkje skrive ned nokre vurderingar av føretaka når vurdering av eventuelt driftsfellesskap blir gjort. Det er derfor ikkje mogleg for nytilsette og andre å sjå på korleis kommunen i si tid har vurdert drifta i høve til driftsfellesskap. Dette er ein oversikt som kommunen bør ha. Gode rutinar, der slike vurderingar blir skrive ned og arkivert, lettar arbeidet med seinare vurderingar av føretaka. Det vil også gi kommunen betre oversikt over føretaka i eigen kommune.

Ved mistanke eller tips blir føretak sjekka opp, men det er ikkje gjennomført grundige dokumentkontrollar eller liknande hos desse føretaka. I søknadsomgangen pr. 01.01.2013 har SLF bede kommunane om å prioritera driftsfellesskap i sin stikkprøvekontroll. Det ble gjennomført kontroll av eit føretak ved søknadsomgangen pr. 01.01.13. Dette var eit føretak som kommunen meinte låg i risikograppa. FM vil gjere merksam på at driftsfellesskap kan oppstå mellom føretak, sjølv om desse driv ulike type produksjonar og gjer inntrykk av å vere åtskilte. Driftsfellesskap kan og oppstå i andre tilfelle enn når det er snakk om fleire føretak på same eigedom eller nær tilknytning elles, og det kan utvikle seg driftsfellesskap over tid. Det er derfor viktig at kommunen med jamne mellomrom gjer ei meir grundig driftsfellesskapsvurdering av føretak i kommunen.

Merknad/avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknadar:

- Merknad 6. Kommunen har ikkje skriftlege vurderingar av driftsfellesskap i tilfelle der det er sett nærare på drifta, eller eit system for å arkivere slike vurderingar.
- Merknad 7. Kommunen kan auke fokus på kontroll av driftsfellesskap, som til dømes ein grundigare gjennomgang av dokumentasjon og driftsopplegg.

6.7. Tema 6: Reaksjonar ved avvik

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville gitt ei urettmessig meirutbetaling av tilskot, jf. rundskriv 37/12 frå SLF, kap. 5. Ei god oppfølging frå

kommunen si side her, er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot.

Vurdering:

Kommunen rettar opp feil der dette blir oppdaga, slik at det er korrekte opplysningar som går til utbetaling. Mange søkjarar ringer og fortel at dei har ført feil og ber kommunen rette. Forklaring kring opprettinga blir skrive ned i kommentarfeltet i Wespa, slik at dette kan leitast opp igjen seinare. Dette er ein god rutine frå kommunen sin side. Fram til januar 2013 har det ikkje blitt oppdaga store feil i søknadane og tilskot har ikkje blitt avkorta.

Frå og med søknadsomgangen pr. januar 2013 er det sendt ut førehandsvarsel i eit tilfelle. På kontrolltidspunktet hadde kommunen enno ikkje fått svar på utsendt varsel, og avkortingsvurderinga var dermed ikkje gjennomført.

Forklaringa viser at avkorting har vore lite brukt i kommunen. Det ligg ikkje føre saker med store avvik, men mindre avvik har blitt oppdaga. Generelt vil vi peike på at kommunen framover ikkje bør leggje lista for å avkorte for høgt, jf. rettleiing frå SLF. Vidare er det viktig at årsaka til den enkelte feilføring og storleiken på denne alltid blir vurdert.

Kommunen har hatt få tilfelle av sakar med regelverksbrot som kan føre til avkorting i tilskotsutbetalinga. Det blei nemnt tilfeller på lekkasje frå gjødsellager og dyrevern saker, men desse har ikkje ført til avkorting. Det har blitt gitt åtvaring, og føretaka er flinke til å følgje opp slik at forholda blir retta opp.

6.8. Tema 7: Skog – oppfølging av foryngingsplikta

Om regelverket:

Foryngingsplikta er heimla i skogbrukslova § 6 Forynging og stell av skog og § 20 Tilsyn, kontroll og rapportering, og i Forskrift om berekraftig skogbruk, Kapittel 3, § 6 Plikta til å forynge, § 7 Krav til forynging, § 8 Tilfredstillande forynging og § 15 Tilsyn og opprettande tiltak. Skogeigar har normalt 3 år etter hogst på å få etablert ei tilfredstillande forynging. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne og kontrollere at vedtak med heimel i lova blir gjennomførte, jf. § 20 i skoglova.

Vurdering:

Ut frå det som kom fram på forvaltningskontrollen blir relativt store areal ikkje tilplanta/forynga med ny skog etter hogst i Karmøy. Statistikken understøtter også dette, og viser at dei siste 10 åra er tilplanta 170 daa og hogd 27 000 m³. Dette betyr at omlag berre 30 % av hogstarealet blir sett i ny skogproduksjon. Frå kommunen er det framheva at ein god del av hogsten skuldast omdisponering til andre føremål (utbygging, friluftsområde,..)

Det er gjennomført kontrollar som dokumenterer avvik. Vi kan ikkje sjå at dette er følgt opp utover samtalar med skogeigarane. Utsendt mal til kommunane frå Fylkesmannen/Statens landbruksforvaltning for juridisk oppfølging av foryngingsplikta er ikkje tatt aktivt i bruk.

Ein føresetnad for å få opp ein tilfredstillande forynging, er at plantefelta blir følgt opp med ungskogpleie. Det er ikkje gjennomført/registrert ungskogpleieaktivitet sidan 2000.

Det er utbetalt lite tilskot og skogfond til planting og ungskogpleie. Det kan og sjå ut som om kommunen i liten grad har lagt til rette for å følgje opp foryngingsplikta med økonomiske virkemiddel gjennom Forskrift om Nærings- og miljøtiltak i skogbruket og medrekna aktiv utarbeiding og bruk av 4-årige tiltaksstrategiar for tilskot til planting og ungskogpleie.

Oppsummert: Ansvar med å følgje opp foryngingsplikta blir ikkje godt nok følgt opp av kommunen.

Merknadar/avvik:

På bakgrunn av desse vurderingane har vi funne følgjande avvik:

- Avvik1.
Kommunen følgjer i for liten grad opp ansvaret med foryngingsplikta – for å sikre ei tilfredstillande forynging etter hogst gjennom planting og ungskogpleie

6.9. Generelt

Vårt generelle inntrykk er at kommunen gjer ein god jobb på landbruksområdet. Dei tilsette har mykje lokalkunnskap og gode rutinar for arbeidet sitt. Fleire av svara gitt i løpet av kontrollen viser samstundes at kommunen ikkje har noko skriftleg på kva som blir gjort av vurderingar ved ulike saker og notat på rutinar for ulike arbeidsoppgåver.

Sjølv om intervjurunden tyder på at kommunen gjer gode vurderingar og grundige undersøkingar i sakar, ser vi at kommunen sin uttale i sakar som Fylkesmannen skal gjere vedtak i, ofte er mangelfulle. Dette same gjeld i sakar der kommunen har fatta vedtak som vi skal klagehandsame. Utgreiing og vurdering i sakene er ofte knapp, og dokumentasjon mangelfull. Ofte manglar det og vedtak og grunngjeving. Merknad nr. 2 og 4 viser døme på slike saker der vi meiner forvaltningslova ikkje er blitt følgt opp. Vi viser i dette høve til kapittel 5 om vedtak § 23, 24 og 25 i forvaltningslova. Dette gjer og at sakshandsamingstida blir mykje lenger enn nødvendig. Ved oversending av sakar må kommunen hugse på at Fylkesmannen som regel ikkje har andre opplysningar om saka enn dei kommunen kjem med. Det er derfor viktig at alle relevante opplysningar kjem fram av kommunen si oversending. Her bør kommunen sjå på egne rutinar.

7. Oppfølging etter kontrollen

Karmøy kommune må innan 30.08.2013 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvika skal rettast opp.

8. Vedlegg

8.1 Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon

FM hadde med følgjande dokumentasjon på kontrollen, som grunnlag for vurderingar under det enkelte tema:

Nr.	Tema	Kontrollert dokumentasjon
1	Sakshandsamingsrutinar	Feilliste 1001A, pr. 31.07.12 og feilliste 1001C pr 01.01.2013; kommunen blei spurd om korleis feilmelding på nokre føretak og varselmelding på nokre føretak blei kontrollert og sjekka ut.
2	Krav til omsetning	Feilliste 1001A, pr 31.07.12. Fylkesmannen har i forkant sett på dispensasjonsaker som er kome til oss, samt klagesak som Statens landbruksforvaltning har handsama.
3	Tilskot til husdyr-utegangarsau	Oversikt over føretak i Karmøy som søker på utgangarsau, slakteliste, feilliste for RMP. Fylkesmannen har i forkant sett på klagesaker som er kome til oss.
4	Risikovurderingar ved føretakskontroll	
5	Driftsfellesskap	Liste over eigedommar med to føretak som søker separate tilskot: lista blei gjennomgått, der kommunen blei spurd om driftsopplegg for to eigedommar der det var to enkeltmannsføretak på same bruk.
6	Reaksjonar ved avvik	Tal på avkortingar og trekk blei sjekka i forkant av kontrollen. Rapporten PT4100A for 2012 blei teke med på kontrollen og kommunen blei spurd om å gjere greie for avvik pr. 31.07.12.
7	Skog – planting etter hogst	Resultat frå tidlegare kontroll på hogstfelt